
Saksnr: 2020/54958-4
Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		10.12.2020
Fylkestinget		15.12.2020

Hardanger AKS as – søknad om egenkapitalinnskot

Forslag til innstilling

Fylkestinget løyver 2,7 mill. kr til egenkapitalinnskot i Hardanger AKS as. Summen vert finansiert ved bruk av investeringsfond.

Det er eit vilkår at dei andre eigarkommunane deltek med egenkapitalinnskot i høve til deira eigardel.

Samandrag

Hardanger AKS tilbyr personar med nedsett arbeidsevne arbeidstrening, kvalifisering eller varig tilrettelagt arbeid. Selskapet har gjennom mange år slite økonomisk, og har no funne det nødvendig å søkje eigarane om kapitalinnskot for å kunne slette noko av gjelda. Fylkesrådmannen rår til at fylkeskommunen går inn med 2,7 mill. kr i ny eigenkapital.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
Fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Søknad om innskot av ny eigenkapital

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Hardanger AKS tilbyr personar med nedsett arbeidsevne arbeidstrening, kvalifisering eller varig tilrettelagt arbeid. Føremålet er attføring og/eller sysselsetting av yrkeshemma. Selskapet sysselset nær 50 personar som elles kunne hatt problem med å kome inn i det ordinære arbeidslivet.

Selskapet har gjennom mange år vore i ein vanskeleg økonomisk situasjon med høg gjeld. I brev av 15.09.2020 har selskapet søkt eigarane om eigenkapitalinnskot på til saman 7 mill. kr.

Totalgjelda i selskapet er 14 mill. kr. Ein søker no om eigenkapitalinnskot frå eigarane for halvparten av denne summen. Summen på 7 mill. kr skal nyttast til å slette kortsiktig gjeld og kassakreditt og refinansiering av resterande langsiktig gjeld.

Selskapet er eigd av Kvam herad, Samnanger kommune, Kvam og Jondal lag av NFPU og Vestland fylkeskommune. Vestland fylkeskommune eig 38,8 % av aksjane. Vestland fylkeskommune sin del av eigenkapitalinnskotet utgjør dermed 2,7 mill. kr.

Det går fram av søknaden, som ligg ved saka, at selskapet har hatt økonomiske utfordringar over noko tid. Lånegjelda auka monaleg i perioden 2007 - 2015 og dette er ei viktig årsak til selskapet sine økonomiske problem.

Fylkesrådmannen viser til søknaden med grundig gjennomgang av utviklinga av selskapet sin økonomi og foreslår at Vestland fylkeskommune går inn med eigenkapitalinnskot på 2,7 mill. kr, finansiert med investeringsfond.

Fylkesrådmannen meiner det bør setjast som vilkår at dei andre kommunane deltek med eigenkapitalinnskot på lik linje. Dersom kommunane går inn med lågare innskot enn eigardelen skulle tilseie, meiner fylkesrådmannen Vestland fylkeskommune sin del bør avkortast tilsvarande.

Fylkesrådmannen er samd i selskapet si vurdering av at det er trong for opprydding av leasingkostnader og den kortsiktige gjelda for å betre den økonomiske situasjonen slik at selskapet kan vere i stand til å ivareta føremålet med å gje tilbud til menneske med ulike utfordringar.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget. Fylkesutvalet har fullmakt til å kjøpe aksjar for inntil 2 mill. kr.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Vestland fylkeskommune går inn med eigenkapitalinnskot på 2,7 mill. kr, finansiert med investeringsfond.

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: For dei som får sysselsetting i bedrifta kan vedtaket ha stor effekt for eigenverd og livskvalitet..

Regional planstrategi: Ikkje relevant

Konklusjon

Fylkesrådmannen rår til at det vert løyvd 2,7 mill. kr til eigenkapitalinnskot i Hardanger AKS as. Summen vert finansiert ved bruk av investeringsfond.